

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 05.12.2019
FRÅ: Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR: Apoteker Tonje Folkvang

SAKA GJELD: **Administrerende direktør si orientering, pkt. 2
Status for arbeid med utrulling av «Apotekstyrt
legemiddeltilberedning (AST) i Helse Vest**

ARKIVSAK: 2019/65
STYRESAK: 032/19

STYREMØTE: 12.12.2019

Oppsummering

I møtet 01.10.2019 vart AD bedt om å leggja fram plan for innsalg av tenesta «Apotekstyrt legemiddeltilberedning» (AST) i Helse Vest i fyrstkomande styremøte.

På bakgrunn av salstal frå apoteket vart det primo oktober utarbeidd forslag til aktuelle postar for utbreiing av tenesten i Helse Stavanger. Aktuelle legemiddel for denne typen teneste vart identifisert, og dei postane som hadde høgast forbruk av desse legemidla vart skilde ut som aktuelle. Forbruket ved desse postane vart deretter samanlikna med forbruket ved ein av pilotpostane for å vurdere ressursbehov. Det vart innleidd dialog med aktuelle klinikksjefar og eventuell implementering vart vurdert gjennom pågåande budsjettprosess.

I SAV leiarmøte 22.10.2019 vart det vedteke at metodikken som er lagt til grunn i Stavanger òg skal nyttast for dei andre sjukehusføretaka:

1. Aktuelle poster vert identifisert basert på salstal frå apoteket.
2. Det vert halde innsalsmøter med aktuelle klinikkar/postar.

3. Det vert utarbeidd plan for implementering og utbreiing av tenesta for kvart helseføretak (dersom tenesta er ønska av mange postar vil det medføre behov for rekruttering og opplæring på apoteksida, noko som igjen kan gi eit lengre implementeringsløp).
4. Billag 3 til Hovudavtale vert oppdatert med omsyn til tenestosal.

Før utbreiing av tenesta må kompetanseplanane som vart brukte i samband med pilotprosjektet reviderast og gjerast gjeldande for heile SAV. Gjennomført kompetanseplan vert sett som krav for arbeid på post. Det må i tillegg utarbeidast standardavtalar mellom apotek og aktuell post som tydeleg synar ansvarsforhold knytt til avvikhendingar, handtering av fråvær osv. Avtalane som vart utarbeidd i samband med pilotprosjektet vert brukt som utgangspunkt for avtalemal.

I dialogmøte med Helse Førde 12.11.2019 vart resultatet frå pilotprosjektet gjennomgått, og oversikt over aktuelle postar i Helse Førde presentert. Tilsvarende oversikt er utarbeidd for Helse Bergen og vil verte gjennomgått i dialogmøte 10.12.2019. Dato for neste dialogmøte med Helse Fonna er førebels ikkje sett, men vurdering av «Apotekstyrt legemiddeltilberedning» vil vere på agendaen i dette møtet.